

Referat frå møte i styringsgruppa for kommunereform 27. januar 2016

Tid: Måndag 27. januar 2016 kl. 12:00

Stad: Kantina, Sentrumsbygget

Til stades: Hans Petter Thorbjørnsen (ordfører, A), Jens Olav Holven (varaordfører, SP), Håkon Gjerde (V), Stig Yngve Røkenes (H), Guro Ljone (SV) og rådmann Joakim S.T. Øren (referent).

Innleiing

Ordførarar informerte innleiingsvis om status i arbeidet med å forhandle fram ein intensjonsavtale for alternativet Eidfjord kommune, Granvin herad, Ullensvang herad og Ulvik herad. Det vart informert om at ordførarar og rådmenn i dei tre kommunane har avtalt eit nytt møte 9. februar 2016 for å arbeide vidare med intensjonsavtalen. Det vert vidare eit felles styringsgruppemøte for dei fire kommunane 11. februar i samband med Hardingtinget i Nordheimsund.

Brev som heradet har motteke frå innbyggjarar frå Bu og Oksenhelvøya i Ullensvang herad vart delt ut.

Intensjonsavtale Eidfjord, Granvin og Ulvik

Ordførar informerte om status på arbeidet med intensjonsavtale mellom Eidfjord kommune, Granvin herad og Ulvik herad og møtet ordførarane og rådmenn hadde hatt dagen før. Innhaldet og endringar i utkastet vart gjennomgått og nærare presentert. Det var deretter meningsutveksling og drøfting av innhaldet i utkastet til intensjonsavtale. Styringsgruppa kunne stille seg bak utkastet slik det no forelegg, men ynskjer fylgjande ordlyd i punkt 6.7:

*Den nye kommunen skal ha kulturskule og bibliotek som lett kan nåast av innbyggjarane.
Frivillig sektor og andre kulturinstitusjonar skal ha gode rammer.*

Om dei tre styringsgruppene no vert einige om å kunne tilrå intensjonsavtalen vert den lagt fram for heradsstyret til endeleg godkjenning i eit ekstraordinært heradsstyremøte 18. februar kl. 18:00. Tilsvarande vil bli gjort i Eidfjord og Granvin.

Ulvik herad ventar no på tilbakemelding frå handsaminga av utkastet i intensjonsavtalen frå styringsgruppene i Eidfjord og Granvin.

Det vart vidare bestemt at ordførar skal innkalle alle hovudtillitsvalte og hovudverneombod til møte kor informasjon og nærare presentasjon av intensjonsavtalen og prosessen vert gjennomgått.